



Sak nr 14/2012

Møtedato: 28.3.12

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: 132

Søknad om tilskot, skistadion på Vaset

Vestre Slidre idrettslag og Vasetløypene søker i brev datert 19.3.12 om tilskot til opparbeiding av skistadion på Vaset. Det blir søkt om kr 200.000 i tilskot og kr 300.000 i rentefritt lån.

Det er lagt ved eit foreløpig kostnadskalkyle på tiltaket på kr 3.750.000. Dette fordeler seg slik: opparbeiding av stadionområde kr 600.000, skiløyper inn og ut frå stadion kr 100.000, skileikområde kr 50.000, garasje til løypemaskiner kr 2.100.000 og garderobar/dusjar/toalett/varmestue kr 900.000.

Vasetløypene brukar i dag fjellstyret sitt lager på Vaset. Den største løypemaskina får ikkje plass i lageret og Vasetløypene har tidlegare søkt om å få bygge om lageret for å få parkert begge maskinene. Ei ombygging ville ikkje gi rom for to store løypemaskiner, om dette i framtida blir aktuelt for Vasetløypene. Ved to løypemaskiner i lageret er det ikkje plass til fjellstyret sitt utstyr og fjellstyret vil måtte bygge eit nytt lager for sitt bruk. Kostnadane med å bygge om lageret og bygge nytt lager for fjellstyret, er så store at fjellstyret meinte det var betre å bruke pengane på eit nytt og framtidsretta bygg for Vasetløypene. Fjellstyret av slo derfor søknaden om å få bygge om lageret. Fjellstyret gav signal om at ein er innstilt på å gi støtte til oppføring av nytt lager utan å binda seg til noko beløp.

I følgje fjellova § 11 3. ledd, med tilhøyrande retningsliner, må fjellstyret innehente løyve ved tildeling av tilskot til allmennyttige formål over 5 % av bruttoinntekt.

Vedtak:

Økonomien til fjellstyret er ikkje den same som tidlegare etter nedgang i festeinntektene og reduksjon i småviltjakta. Fjellstyret har derfor ikkje same handlingsrom som tidlegare med tilskot/tiltak og ein kan derfor ikkje imøtekomma søknaden fullt ut. Fjellstyret vedtek å gi eit tilskot til skistadion på kr 200.000, fordelt med kr 100.000 i 2012 og kr 100.000 i 2013, og avslår søknad om rentefritt lån på kr 300.000.

Tilskotet kan bli utbetalt når det er dokumentert at tiltaket blir gjennomført i samsvar med søknad og prosjektet er sett i gang.

Vedtaket er gjort på vilkår av at fjellstyret får godkjent tildeling av tilskot til allmennyttige formål over 5 % av bruttoinntekt.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 29.3.12

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre idrettslag og Vasetløypene v/prosjektleder Svein Erik Ski
Statskog